



Arkivnr: 2014/11640-71

Saksbehandlar: David J. Aasen Sandved, Tor Andreas Titlestad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.04.2016

Prosjektet Kystpilegrimsleia- Oppnemning av medlem til styringsgruppa

Samandrag

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» er eit samarbeid mellom fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland og Stavanger, Bjørgvin, Møre og Nidaros bispedøme. Kystpilegrimsleia vert administrert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, som er mottakar av statlege tilskot frå Riksantikvaren (Ra). Prosjektet har dei to siste åra vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminnefeltet.

Kystpilegrimsleia er eit treårig prosjekt med oppstart i 2014. 22.01.2015 handsama Kultur- og ressursutvalet sak PS 6/2015 *Prosjektorganisering og oppnevning av medlem til styringsgruppa*. Utvalet nemde opp Neshe Lie (H) vsom medlem og Natalia Golis (MDG) som varamedlem.

Under handsaminga av statsbudsjettet for 2016, fall statlege midlar til programmet for kulturminnevern og verdiskaping bort. Vidare drift av prosjektet Kystpilegrimsleia vil difor vere eit ansvar for dei regionale partnarane i fylkeskommunar og bispedømme. I hamdsaminga av budsjettet for 2016. PS 95/2015. løyvde i fylkestinget kr 200.000 som Hordaland sitt bidrag til drifta av prosjektet fram til prosjektslutt. Dei andre 4 fylkeskommunane har også løyvd midlar slik at prosjektet er finansiert.

Oppnemninga av medlemer i styringsgruppa var gjeldande for eitt år. Det er no på tide å nemne opp medlem til styringsgruppa for eit nytt år, eller fram til prosjektavslutning i løpet av våren 2017.

Forslag til vedtak

Som medlem til styringsgruppa for «Prosjekt Kystpilegrimsleia» i 2016 og fram til prosjektavslutning våren 2017 vert følgjande nemde opp:

Medlem:

Varamedlem:

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.03.2016

Bakgrunn

«Prosjekt Kystpilegrimsleia» har dei tre siste åra vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Riksantikvaren har løyvd statlege midlar med føresetnad av regional deltaking og finansiering. For bakgrunn om programmet for kulturminnevern og verdiskaping og utgreiing om Kystpilegrimsleden, vert det vist til sak PS 6/2015, *Kystpilegrimsleia. Prosjektorganisering og oppnemning av medlem til styringsgruppa, handsama av Kultur- og ressursutvalet* 22.01.2015.

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, samt bispedøma i dei fem fylka. Prosjektet Kystpilegrimsleia vert leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune, som også tek i mot statlege tilskot frå Riksantikvaren.

Verdiskapingsprosjekta hadde ei finansiering med 50/50 fordeling av kostnaden mellom stat og fylkeskommunar. For Kystpilegrimsleia utgjorde dette kr. 70.000 årleg frå kvar av dei medverkande fylka. For 2014 og 2015 vert dette kr 150.000,- til sammen.

I handsaminga av statsbudsjettet for 2016, fall midlane til verdiskaping på kulturminnefeltet ut. Drifta av prosjektet vidare vil difor vere avhengig av regionale tilskot.

Prosjektresultat

I 2013 vart det levert forprosjektrapport i tråd med intensjonane, men igangsetting av hovudprosjekt i 2014 vart forseinka. Sogn og Fjordane fylkeskommune, som prosjektansvarleg, overførte difor prosjektmidlar (kr 870.000,-) til 2014. I april vart det tilsett prosjektleiar i mellombels stilling.

23. til 28. juli 2014 vart det gjennomført seglas langs leia med «Nordstjernen» frå Rogaland til Nidaros. I Hordaland vart det gjennomført program på Moster amfi på Bømlo 23. juli og i Bergen 24. juli.

Under seglasen vart det frakta med ei bodstikka som ordførararane signerte for å melde interessa for medverknad i prosjektet. I Hordaland teikna ordførarane i Bergen og Bømlo kommunar seg.

Hausten 2014 vart det arbeidd for å styrke den lokale forankringa. Alle kommunar i Hordaland langs den historiske farleia er kontakta for å nemne opp kontaktpersonar. Kommunane Radøy, Lindås, Meland, Askøy, Bergen, Fjell, Sund, Austevoll, Fitjar, Sveio og Austrheim har svart.

I perioden mai 2014 til mai 2015 bygde hovedprosjekt Kystpilegrimsleia ein matriseorganisasjon på nærmere 200 menneske, i meir enn 50 kommunar, fem fylke og fire bispedøme over omlag 2500 kilometer av den Norske kysten.

Prosjektet gjennomførte en rekke aktivitetar som:

- Etablert samarbeidsavtale mellom alle prosjektdeltakarane
- Oppnemning av kontaktpersonar i 65 kommuner
- Gjennomført sju etappesamlingar fordelt over heile kysten
- Innhenta tiltak for samarbeid frå 50 kommunar

Regional medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune

Utval for kultur, idrett og regional utvikling (tidl Kultur- og ressursutvalet) har fleire gonger handsama prosjektet. I sak 99/12 løyvde utvalet kr 75.000,- til forprosjekt.

I sak 105/13 vart fylkeskommunen sin medverknad i hovudprosjektet handsama. Det vart gjort følgjande vedtak:

1. *Kultur- og ressursutvalet tek forprosjektet «Kystpilegrimsleia – Rogaland-Nidaros» til orientering og sluttar seg til deltaking i hovudprosjektet, med oppstart i 2013 og avslutting i 2016.*
2. *Kultur- og ressursutvalet løyver kr 100.000 frå utvalet sin rådveldekonto til hovudprosjektet «Kystpilegrim Rogaland – Nidaros» for 2013. Finansiering for 2014 vert å koma attende til.*

Grunna forseinking i oppstartinga av hovudprosjektet, var det ikkje aktuelt å fremje politisk sak om finansiering for 2014, jf. vedtak pkt. 2 i sak 105/13.

I utvalsmøte 22.01.2015 vart det under sak *Kulturminnevern og verdiskaping. Kystpilegrimsleia. Løyving av midlar 2015* løyvd kr 150.000 frå utvalet sin rådveldekonto.

Under budsjettbehandlinga i fylkestinget sitt møte 09.12.2015 (PS 95/2015) vart det sett av kr 200.000 som Hordaland sitt bidrag til drifta av prosjektet fram til prosjektslutt.

Tilråding

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunen skal vere ein aktiv medspelar i arbeidet med lokalsamfunnsutvikling, der kulturminne vert nytta som ressurs. Prosjektet har brei forankring og partnarskap med kyrkja, lokale mynde, museum og frivillige organisasjonar.

Kystpilegrimsleia har potensiale til å kunne løyse ut store verdiskapingseffektar både for lokalt og regionalt næringsliv, samstundes som prosjektet formidlar ein viktig del av kulturarven på Vestlandet.

Fylkesrådmannen ser det som naturleg at Hordaland fylkeskommune deltek i styringsgruppa for «Prosjekt Kystpilegrimsleia» og innstiller om at det vert nemnd opp ein styremedlem og ein varemedlem.